



ALVER
KOMMUNE

TILTAKSSTRATEGI FOR TILSKOTSORDNINGA SPESEILLE MILJØTILTAK I LANDBRUKET (SMIL)

2021-2023





Innhold

BAKGRUNN	2
1 TIDSRUM	2
2 MÅL FOR ORDNINGA	2
3 OVERORDNA PLANAR	2
4 HISTORIKK.	3
4.1 Kva er SMIL-ordninga	3
4.2 Kven kan søke?	3
4.3 Kort om SMIL i Alver kommune til no	4
5 UTFORDRINGAR OG TILTAK	4
5.1 Utfordringar og tiltak for friluftsliv/tilgjenge i kulturlandskapet	5
5.2 Utfordringar og tiltak for det biologiske mangfaldet	5
5.3 Utfordringar og tiltak for kulturminne/kulturmiljø	6
5.4 Utfordringar og tiltak knytt til attgroing og avrenning	6
6 STRATEGI FOR BRUK AV SMIL-ORDNINGA	8
6.1 Tematisk prioritering	8
6.2 Planlegging av fellestiltak:	8
6.4 Gamal kulturmark	8
6.5 Tilgjenge/opplevingskvalitet:	8
6.6 Kulturminne og kulturmiljø:	9
6.7 Prioriteringar 2021-2022 for bruk av SMIL-midlane:	9
7. RETNINGSGJEVANDE SATSAR FOR BEREKNING AV KOSTNAD SMIL	11



BAKGRUNN

Tiltaksstrategi for tilskotsordninga SMIL (spesielle miljøtiltak i landbruket) gjekk ut i 2019. I forventningsbrev frå statsforvaltaren vart kommunane bedne om å rullere dei kommunale strategiane for SMIL ordninga. Alver kommune fekk eit års utsetting for å laga ny strategi fordi vi trengte tid til å samanstille dei 3 gamle kommunane. I det følgjande er det såleis kommunen sine kriteria for korleis SMIL-midlane skal nyttast, som vert drøfta. Smil forskrifta med tilhøyrande rundskriv vart revidert i 2020

1 TIDSROM

Tiltaksstrategien skal gjelde frå 2021- 2023. SMIL-strategien kan i utgangspunktet gjelde i 4 år om gongen, men vi sjår at det kan vere behov for å revidere strategien før det har gått 4 år fordi kommunen har økt i omfang og har variasjon i utfordringar knytt til landbruk, det tar tid å utarbeide ein optimal strategi som treff godt for heile kommunen.

2 MÅL FOR ORDNINGA

Formålet med tilskot til spesielle miljøtiltak i landbruket er å fremje natur- og kulturminneverdiane i jordbrukets kulturlandskap og å redusere forureininga frå jordbruket, ut over det som er venta gjennom vanlig jordbruksdrift.

- Tiltak med god miljøeffekt og som kan medverke til å nå måla i vassforskrifta
- Fellestiltak som kan bidra til betre samarbeid og samhandling i grender med felles utfordringar kring miljøverdiar
- Tiltak som medverkar til å vareta ressursane på landbrukseigedomen i langsiktig perspektiv
- Tiltak som kan utløyse tilskot frå andre ordningar som Norsk Kulturminnefond. Fondet er oppretta for å gje tilskot til verneverdige kulturminne og kulturmiljø. Delfinansiering frå SMIL-ordninga kan verke positivt inn på handsaminga av søknadar til fondet
- Tiltak på svært verdifulle kultur- og bygningsmiljø

3 OVERORDNA PLANAR

- Regionalt miljøprogram for Vestland
- Forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket. (SMIL)

I Vestland fylke er det set som mål at dei overordna retningslinjene for spesielle miljøtiltak i landbruket skal vere forankra i hovudmålet, delmåla og strategiane som ligg i regionalt miljøprogram 2019-2022, kap. 4.1



4 HISTORIKK.

4.1 Kva er SMIL-ordninga

Dei spesielle miljøtiltaka i landbruket (SMIL) er ein del av det nasjonale miljøprogrammet for jordbruket. Dette programmet skal synleggjere den samla innsatsen frå jordbruket for å styrke miljøarbeidet. Miljøprogrammet har en sentral del og en regional del (regionalt miljøprogram, RMP). Den regionale delen vert vidareført på lokalt nivå, ved at kommunane får tidelt en sum tilskottsmedel (SMIL) som skal nyttas til å gjennomføre tiltak i kommunen som bidrar til å løyse jordbruket sine samla miljøutfordringar.

Det regionale programmet skal bidra til at det kan settast i verk ordningar som er tilpassa regional ulikskap som finst i landet.

På kommunenivå skal programmet bidra til at lokale utfordringar og mål vert løyst i tråd med overordna målsettingar, men på ein slik måte at lokale verdiar knytt til jordbrukslandskapet vert teke vare på og skjøtta, slik at det mangfald som finst i kommunen knytt til natur, miljø og landskap vert halde i hevd og teke vare på.

Statsforvaltaren oppfordrar kommunane til å sjå SMIL og RMP i samanheng: SMIL er pengar som skal nyttast til restaurering og utvikling, medan RMP er pengar til vedlikehald og årleg skjøtsel.

Kommunen handsamar og avgjer søknader om tilskot. Kommunane utarbeidar overordna retningslinjer for prioritering av søknadane (lokale tiltaksstrategiar).

4.2 Kven kan søke?

Dei som oppfyller vilkåra produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket kan søkja. Om det er leigar av landbrukseigedom som søker, så må eigar gje samtykke til gjennomføring av prosjekt eller tiltak etter denne forskrifta og det må føreligge ein skriftleg avtale mellom eigar og leigar av arealet

Det kan ikkje innvilgast tilskot til prosjekt eller tiltak på landbrukseigedom som eigast og drivast av stat, fylke eller kommune med mindre tiltaket er et fellestiltak der ein eller fleire tilskotsberettiga landbrukseigdommar er med.

Søklar må ha gjødslingsplan eller fritak frå kravet om gjødslingsplan og journal over plantevernmiddel om dette blir brukt, samt kart over eigd og leigd jordbruksareal som føretaket disponerer.

Kulturminne, område som er viktige for biologisk mangfald, areal med risiko for tap av



jord og næringsstoff og andre tilhøve av miljømessig betydning skal vera kartfesta og beskrive

Søknad sendes elektronisk via Altinn. Skjema finn ein på landbruksdirektoratets heimesider. Kommunen kan fastsetje søknadsfrist.

4.2.1 Endringar som gjeld frå 2020

Landbruks- og matdepartementet har gjort endringar i forskrifta § 3 gjeldande frå 1. januar 2020. Det kan no løyvast tilskot òg til eigarar av landbrukseigedom utan føretak, jf. ny § 3 første ledd. Vilåret er at det må gå føre seg ein produksjon på landbrukseigedom som oppfyller vilkåra etter forskrift om produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket.

4.3 Kort om SMIL i Alver kommune til no

SMIL ordninga i den forma den no har, vart innført i 2004.

Alver kommune fekk i 2020 løyvd 840 000 kr ved hovudtildelinga frå staten og ved utgangen av 2020 hadde vi løyvd 1 150 425 kr til ulike SMIL tiltak i Alver kommune. Dei resterande midlane vi løyvde kjem frå inndregne midlar kor tiltakshavar av ein eller annan grunn ikkje har fått ferdigstilt omsøkt tiltak frå tidlegare år.

Hovudtildelinga i Alver kommune for 2021 har ei ramme på 840 000 kr.

Type tiltak 2020	Tal løyvingar	Prosent av midlar
Gammal kulturmark	41	90 %
Andre kulturminne/miljø/ferdsel	3	8,5 %
Biologisk mangfald	1	1,5 %

5 UTFORDRINGAR OG TILTAK

Alver er etter målestokken i Vestland fylke, ein stor landbrukskommune. 469 produsentar søker om produksjonstilskot (2020) og det er registrert 87 266 daa jordbruksareal inkl. innmarksbeite. Tar ein med produktiv skog aukar arealet med 266 530 daa.

Landbruk er ei biologisk næring, og er heilt avhengig av areal i vid forstand for å kunne fortsette sitt virke.



Tal produksjonar fordelt på husdyrslag i Nordhordland og Alver (tal frå 2017)

Produksjon	Nordhordland	Alver
Mjølkeproduksjon	74	66
Ammekuproduksjon	69	59
Øvrig storfe	148	131
Sau	367	341
Ammegeit	9	9
Geitebukk/kje	1	1
Mjølkegeit	1	

5.1 Uffordingar og tiltak for friluftsliv/tilgjenge i kulturlandskapet

Landbrukets areal kan vere attraktivt både til landbruksverksemd, utbygging av bustadar, anna næringsverksemd, infrastruktur for samfunnet og som grunnlag for friluftsliv. Denne interessemotsetnaden mellom landbruk og friluftsliv kan løysast ved at allmenta til dømes kan få tilrettelagte ferdelsvegar gjennom det produktive landskapet, der dette er hensiktsmessig, samstundes som landbruksnæringa ikkje vert hindra i å halde fram med rasjonell drift på staden.

5.2 Uffordingar og tiltak for det biologiske mangfaldet

Biologisk mangfald eller diversitet omfattar variasjon av levande organismar (plantar, dyr, sopp m.m.) som finst på jordkloden, både på land, i ferskvatn og i havet. Biologisk mangfald kan vere på ulike nivå.

- På genetisk nivå, som variasjon innan artane
- På arts nivå, som forskjellar mellom artane
- På biotop nivå, som forskjellar mellom ulike vegetasjonssamfunn
- På landskapsnivå, som forskjellar mellom økosystem og landskapstypar.



Kulturlandskapet er viktig for å ta vare på det biologiske mangfaldet. Kulturmarkene er viktig for den biologiske variasjonen både ved at det her finns mange trua artar og gjennom mangfaldet av vegetasjonstypar dei representerer. Ein driv i dag mykje meir intensivt og einsidig i kulturlandskapet, enn i tidlegare tider då drifta var mykje meir allsidig. Dei tidlegare driftsmåtane førte til at det oppstod eit mosaikkprega, lysope landskap med ei rad ulike kulturmarker. Mange av dei artane som hadde gode vilkår ved den gamle driftsmåten er i dag trua av moderne driftsformer og difor er lokalt tilpassa tilskotsordningar viktige for å tilrettelegge og stimulere til at desse naturtypene og dette mangfaldet blir ivareteke

5.3 Uffordringar og tiltak for kulturminne/kulturmiljø

- Kulturminne: Med kulturminne er meint alle spor etter menneskeleg verksemd i vårt fysiske miljø, også lokalområde som det er knytt historiske hendingar, tru og tradisjon til.
- Kulturmiljø: Med kulturmiljø er meint område kor kulturminne går inn som ei større heilskap eller samanheng.

Synlege kulturminne er ca. 10 % som er synleg over markoverflata. Alle spor etter kulturminne som er eldre enn frå 1537 er automatisk freda. Bygningar eldre enn frå 1650 er det same. Freda kulturminne har ein sikringssone på minimum 5 meter ikring seg. Det er mange kulturminne knytt til landbruket i kommunen, mellom anna tørrmurar i bygningar, bakkar og steingardar. Mange av desse er i dårleg stand.

Steingardar er karakteristiske landskapselement i kommunen. Dei har framleis nyttefunksjon som gjerde og le. Røter og dårleg fundamentering kan føre til raskt forfall om tiltak ikkje vert sett inn. Første prioritet for steingardar, torvhus og andre kulturminne/kulturmiljøtiltak vil vere å få rydda for tre og buskar tett ved objektet for å hindre at forfallet aukar på.

Forskriftsending i 2015 gjer at det ikkje lenger kan gjevast tilskot til freda bygg. Men her finst det andre søknadsordningar ein kan søke på og kulturavdelinga i Alver kommune er eit naturleg kontaktpunkt. Det er og eit nært samarbeid med kulturavdelinga i enkelt saker.

5.4 Uffordringar og tiltak knytt til attgroing og avrenning

Det er særleg for to kulturmarker det er utfordringar vedkomande attgroing. Det er kystlyngmark og innmarksbeite.

5.4.1 Kystlyngmark:

Kystlyngmark er beitemark som er dominert av røsslyng. Her kan husdyr beite heile året ute. Det er i dag helst sauene som beiter på kystlynghei i kommunen. Sauene



beiter ulikt gjennom åra. Om sumaren vil dei helst ha gras og urter, mens røsslyngen er viktigare om vinteren. For at det skal verte rett tilhøve mellom lyngdominert område og grasdominert område må ein brenne den eldste lyngen om vinteren. Verknaden av lyngsviing vert grasdominans dei første åra etter svidinga før røsslyngen tek over att. Ved å lage eit mosaikk av lyngmark i ulik stadium vil dermed sauene kunne finne beiteareal som er tilpassa ulik trong og beitevanar gjennom året. Kystlynghei er registrert og klassifisert etter kor god stand den er i, men det er trong for å laga beiteplanar for desse områda. Dette bør skje raskt før kystlyngmarka gror til med einer og lauvskog.

5.4.2 Innmarksbeite:

Utfordringar for skjøtsel av innmarksbeite er å hindre attgroing, godt med lys i kantareal, eigna levestad for planter og vilt, stabil kantvegetasjon, minst mogeleg miljøproblem, gode tilhøve for husdyr og maskiner og bevare spor etter gamle driftsmåtar og kulturminne. Ugraset Lyssiv og generell attgroing på grunn av ekstensiv drift nokre plassar er eit aukande problem på innmarksbeite

5.4.3 Utfordringar og tiltak knytt til avrenning:

Beiterydding og gjerdehald er sjølvstyggt nyttig og for landbruket, men gjengroing er berre ein del av problematikken knytt til det opne landskapet. Vel så viktig for at landskapet skal halde seg ope og vere velstelt (ikkje siv, tistel, ugras generelt) er at jordbruksareala er vel drenerte og godt hevda. Når dreneringa vert dårleg vert vasspegelen høg. I regnfullt klima som her hjå oss, gjer dette det vanskeleg å stelle jorda. På sikt vert jordsmonnet surare og tettare, noko som vil favorisere ugras og gjengroing.

Kravet om effektivitet er stort i det moderne landbruket. Tyngre maskiner kombinert med klimaendringar med meir nedbør på ugunstige tidspunkt i vekstsesongen har resultert i omfattande jordpakking. Saman med ofte utrangert drenering, generelt jordsvinn og fuktigare klima – vert dette ein medisin som er lite høveleg for jordbruket hjå oss. Dette medverkar til at avrenning aukar både frå sjølve gjødslinga, men og fordi plantane vert dårlegare til å ta opp gjødselemne når jorda er i dårleg hevd. Det kan og oppstå ubalanse i samansetninga av næringsemne i jorda, som vil forsterke denne negative tilstanden. Ein kan ikkje gje tilskot til grøfing gjennom SMIL ordningar, men planlegging av fellestiltak som kan betre vasskvalitet og avrenning ligg innanfor ordninga. I kopling mot det pågåande arbeidet med Vassdirektivet kan det koma fram lokale tiltak som bør vurderast i høve til SMIL- ordninga.



6 STRATEGI FOR BRUK AV SMIL-ORDNINGA

6.1 Tematisk prioritering

Oppsettet føl forskrift om smil-midlar

6.2 Planlegging av fellestiltak:

Omfattar tiltak for å få ein meir heilskapleg og samordna innsats og prosessar som sikrar breiast mogleg involvering og forankring i miljøarbeidet.

Tiltak som bør prioriterast er:

- Felles kartlegging knytt til avrenning frå landbruksareala
- Felles beitetiltak i utmark – kystlynghei og strandeng

6.3 Biologisk mangfald:

Omfattar tiltak som fremjar biologisk mangfald gjennom å ta vare på ville plantar og dyr i kulturlandskapet og eit kulturpåverka plante- og dyreliv på gamal kulturmark t.d. etablering, utbetring og skjøtsel av område som i varetek leveområde for plantar og dyr.

Tiltak som bør prioriterast er:

- Område som nemnd i naturtypekartlegginga vil verta prioritert

6.4 Gamal kulturmark:

Omfattar vegetasjonstypar som er prega av oppdyrking, beiting, slått, brenning, ved uttak m.m. og har spor etter gamle driftsmåtar t.d. murar, lauvingstre o.l. I Alver er det viktig å ta vare på innmarksbeite og lynghei, særleg utviding av eksisterande beiteområde og samarbeidstiltak over fleire bruk.

Tiltak som bør prioriterast er:

- Skjøtsel av lynghei
- Tiltak i beitebruksplanar
- Rydding og inngjerding av innmarksbeite inkludert beiteskog
- Natureng jf. naturtypekartlegginga

6.5 Tilgjenge/opplevingskvalitet:

Omfattar tiltak som stimulerer høve til rekreasjon og friluftsliv i jordbruket sitt kulturlandskap gjennom å leggja til rette for ferdsel til fots og opplevingar. Til dømes rydding og vedlikehald av stiar.

Tiltak som bør prioriterast er:



- Tiltak i område der det er gjort eller planlagt andre skjøtselstiltak herunder utviding av eksisterande stinett
- Tiltak som førebygg konflikhtar mellom landbruk og allmenta t.d. sjølvluukkande grinder, gjerdeklyv vil verta prioritert.

Tiltak bør sjåast i samanheng med kommuneplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv.

6.6 Kulturminne og kulturmiljø:

Med kulturminne meinast alle spor etter menneskeleg verksemd i vårt fysiske miljø. Kulturmiljø er områder der kulturminna inngår i ein større samanheng. Døme på kulturminne er alle slags bygningar i landbruket som kvernhus, utløer m.m., gravhaugar og gamle vegfar. Omfattar tiltak som vedlikehald, istandsetjing, bevaring m.m.

Tiltak som bør prioriterast er:

- Restaurering og/eller rydding langs tørrmurar herunder bakkemurar, steingardar, torvhus, potetkjellarar, kanalar m.m.
- Restaurering av småhus og byggverk knytt til særmerkte driftsformer i kommunen t.d. smier, kvernhus, ishus og vargotter (steinmoloer i sjø for varelevering).

6.7 Prioriteringar 2021-2022 for bruk av SMIL-midlane:

- Framleis satsing på biologisk mangfald, stell og rydding av beitemark med særleg vekt på truga landskapstypar som kystlyng og strandeng. Denne særlege satsinga skal ikkje fortrenge søknadar som gjeld vanleg beitemark, men er det knappe middel skal ein prioritere kystlynghei og strandeng dersom det kjem slike søknadar.
- Tiltak hjå nyetablerte bønder dei 5 første åra etter overtaking
- Tiltak knytt til å sette i stand bygningsmasse med tanke på ny aktivitet under gamle tak eller tradisjonell bruk og tiltak knytt til tørrmura element og heilskapleg kulturmiljø
- Gjennomføring av fellestiltak knytt til kartlegging av avrenning frå landbruksareala til vatn og vassdrag.

6.7.1 Nærare om dei einskilde tema:

PKT 1: Dette er ei vidareføring av satsinga slik ho har vore til no. Det er enno mykje beite og gammal kulturmark som med føremon kan få eit ansiktsløft. Fokus må vere på gjerding/rydding, - gjerne felles tiltak, og på samanhengen mellom beitetrykk og verknaden av rydding.

PKT 2: Det er ynskjeleg at nyetablerte bønder skal verta prioritert dei første åra etter overtaking for det er ofte i denne perioden trongen for midlar er størst. Mange



overtek gardar som ikkje har vore i drift på ei stund og då der det ofte naudsynt med store investeringar i landskap og bygningar.

PKT 3: I Vestland har det vore ei satsing på å oppgradere gammal bygningsmasse med tanke på å ta desse bygga i bruk til nye aktivitetar. Kommunen skal stimulera til nye næringa med basis i landbruket sine ressursar, mellom anna produksjon og sal av lokalmat. Smil ordninga kan innanfor rammene av ordninga vera å med å byggja opp under ei slik satsinga

Ein ynskjer og å støtta tradisjonell bruk av bygningsmassen og i tillegg særleg byggverk med tørrmur eller heilskaplege kulturmiljø.

PKT 4: I områda sett av til omsynssone landbruk i arealplanen, kan det vere aktuelt å gje tilskott til samarbeidsprosjekt som har til føremål å kartlegge avrenning til vatn og vassdrag. Ein bør og kartlegge korleis tilstanden er for grøfter og opne kanalar, og gjere ei overordna planlegging av korleis grøfting og kanalrensing bør gjennomførast for å sikre fri straum av vatten, gode vilkår for plantevekst og ved det hindre avrenning/ sikre betre hevd på jorda.

Det kan og vere aktuelt å planlegge fangdammar, kantsoner og liknande hydrotekniske anlegg for å betre tilstanden i vatn og vassdrag.

Dei overordna planane som vert resultatet må omfatte heile områder/alle eigedommar i området, og skal danne grunnlag for dei individuelle tiltaka som bør gjennomførast på kvar eigedom får å få til ei oppgradering av tilstanden for avrenning i området.

Det kan verte aktuelt med ei geografisk prioritering, eller ei kategorisk prioritering. Alver kommune er ein stor kommune med skilnader på kva som er dei viktigaste satsingsområda alt etter kor i kommunen man er. Men i den mon det kjem inn konkurrerende søknader, bør ein prioritere tiltak som vil vere med å sikre levedyktige bruk, levedyktige grender og tiltak der mange samarbeider for å oppnå heilskapleg verknad.



7. RETNINGSGJEVANDE SATSAR FOR BEREKNING AV KOSTNAD SMIL

		Maks tilskot av godkjent kostnadsoverslag	Max kostnad pr eining, eller reell kostnad (daa, stk., m osv.) Lista er ikkje uttømmmande
1	Biologisk mangfald	50 %	Vert fastsett etter konkret vurdering frå kommunen i den einkilde sak
2	Felles tiltak	60 %	Vert fastsett etter konkret vurdering frå kommunen i den einkilde sak
3	Tilrettelegging for allmenta	50 %	Klopp pr. meter: Mellom kr. 200-300 Bru: kr. 1600,- Gjerdeklyv: Kr. 750,- Informasjonstavle: Kr. 1500,- Skilt: Mellom kr. 150 - 200,- Rydding/ utbetring av sti: 50 kr/ m
4	Gamal kulturmark, rydding av beite og gjerding	50 %	-Restaurering av beite: Inntil kr. 3000,- pr. daa. -Gjerding med sauenot, bendsel og over- og undertråd: inntil kr. 80,- pr. meter. -Godkjend kostnad for ganggrind er kr. 700, -Godkjend kostnad for enkel køyregrind er kr. 1500, -Kombinasjonsgrind har godkjend kostnad på kr. 2000,- -Hesjing: Kr. 50 pr meter, minimum 40 meter hesje Det vert ikkje gitt midlar til investering i materiell naudsynt til hesjing
5	Kulturminne, kulturmiljø	50 %	-Restaurering av tørrmurar: Opptil kr: 800,-/ kvadratmeter -Rydding av vegetasjon langs steingardar: 25,-/ meter -Rydding av vegetasjon rundt tørrmura bygg: 500,-/ stk.
6	Restaurering av bygningar	50 %	-Til dømes potetkjellar, gardflorar, kvernhus eller torvhus



7	Førebygging av avrenning/erosjon i bekkar og vassdrag	50%	-Oppatt muring/reperasjon av kanalar: 1000 kr/m
---	---	-----	--

